

Notat

Dato: 23.08.2017
Arkivsak: 2014/21176-84
Saksbehandlar: benutne

Til: Utval for Miljø og Samferdel, Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Handlingsprogram til Nasjonal transportplan 2018-2029 – prosess mot fylkeskommunane

Fylkesrådmannen viser til vedlagt brev og vedlegg frå Statens vegvesen ved Vegdirektoratet om prosessen mot fylkeskommunane når det gjeld innspel til handlingsprogrammet for Nasjonal transportplan 2018-2029 (NTP).

Handlingsprogrammet vert sendt på høyring til fylkeskommunane og storbykommunane 13. oktober 2017, med høyringsfrist 1. januar 2018. Handlingsprogrammet omhandlar i tillegg til det statlege transportnettet også følgjande tilskot til fylkeskommunane:

- 1) Tilskot til skredsikring på fylkesvegnettet (post 62 på statsbudsjettet)
- 2) Tilskotsordning for å fjerne flaskehalsar for tømmertransport på fylkesvegnettet

Vedr. 1 – skredskringmidlar til fylkesvegar

Nasjonal transportplan har sett av 12 milliardar kroner for skredsikring på fylkesvegar i planperioden. Fordelinga er slik:

- første seksårsperiode 2018-2023: 745 millionar kr årleg
- siste seksårsperiode 2024-2029: 1255 millionar kr årleg

Statens vegvesen legg opp til å fordela midlane mellom fylkeskommunane for perioden 2018-2023 i handlingsprogrammet til Nasjonal transportplan. Fordelingsprinsippet skal framleis vera «pro rata fordeling etter skredfaktor», basert på kartlegginga av skredsikringsbehovet som vart gjennomført i 2015.

I investeringsprogrammet til Regional transportplan 2018-2029, som vert lagt fram som eiga sak for fylkestinget i desember, vil fylkesrådmannen foreslå aktuelle prosjekt innafor rassikring. Det vil bli laga forslag til større prosjekt for oppstart av planlegging, mindre prosjekt som kan gjennomførast utan plan og prosjekt klar til oppstart i 2018.

Vedr. 2 – tilskotsordning for å fjerna flaskehalsar for tømmertransport

Nasjonal transportplan legg opp til ei tilskotsordning mot flaskehalsar for tømmertransport på fylkesvegar. I brevet frå Vegdirektoratet er bruer spesielt nemnt, men ein legg til grunn at det også gjeld andre flaskehalsar på vegen. Midlane skal medverka til ein effektiv og funksjonell tømmertransport.

Totalramma nasjonalt er sett til 50 mill kr årleg. Statens vegvesen ved Vegdirektoratet skal i handlingsprogrammet for 2018-2023 utarbeide eit prosjektprogram for den totale summen på 300 mill kr, som skal leggjast fram for skog- og trenæringa og aktuelle fylkeskommunar.

Hordaland fylkeskommune har bedt Statens vegvesen Region vest om oversikt over aktuelle prosjekt.

Vedlegg: brev med vedlegg frå Statens vegvesen ved Vegdirektoratet av 14.06.2017